
Saksnr: 2025/3817-3
Saksbehandlar: Åsta Navelsaker Røed

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		30.04.2025

Justering av opplæringstilbudet 2025/2026

Forslag til vedtak

1. Opplæringstilbudet vedteke i hovudutval for opplæring og kompetanse i sak 64/2024 vert justert slik:

Skule	Nivå	Utd. prog	Programområde	Endring	Frå	Til
Bømlo vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	3	4
Bømlo vidaregåande skule	2	TP	Industriteknologi	-1	1	0
Fitjar vidaregåande skule	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-1	4	3
Fitjar vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeiderfag	-1	2	1
Kvinnherad vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	-1	2	1
Stord vidaregåande skule	1	EL	Elektro og datateknologi	2	3	5
Stord vidaregåande skule	1	MD	Musikk, dans og drama,musikk	0,5	0,5	1
Stord vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	0,5	3	3,5
Stord vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	3	4
Stord vidaregåande skule	2	BA	Klima, energi og miljøteknikk	-0,5	0,5	0
Stord vidaregåande skule	2	BA	Overflateteknikk	-0,5	0,5	0
Kvam vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	2	3
Kvam vidaregåande skule	2	HS	Barne- og ungdomsarbeiderfag	-0,5	0,5	0
Kvam vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeiderfag	0,5	0,5	1
Kvam vidaregåande skule	3	ST	Språk, samfunnsfag og økonomi	0,5	0,5	1
Odda vidaregåande skule	2	BA	Tømrer	-1	1	0
Odda vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeiderfag	-1	1	0
Odda vidaregåande skule	2	TP	Kjemiprosess- og laboratorief.	1	1	2
Voss gymnas	2	FD	Frisør	-1	1	0
Voss vidaregåande skule	2	NA	Landbruk og gartnernæring	-0,5	1	0,5
Voss vidaregåande skule	2	NA	Landbruk/gartnernæring,friluftsliv	-0,5	2	1,5
Arna vidaregåande skule	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	1	2	3

Arna vidaregåande skule	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	2	3
Arna vidaregåande skule	1	IM	IT og medieproduksjon	1	2	3
Arna vidaregåande skule	1	ME	Medier og kommunikasjon	-1	1	0
Arna vidaregåande skule	2	BA	Tømrer	-1	2	1
Askøy vidaregåande skole	3	PB	Påbygg. gen. studiekompetanse	-1	2	1
Bergen katedralskole	3	ST	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	3	4
Fusa vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	-1	1	0
Fusa vidaregåande skule	2	HS	Barne- og ungdomsarbeiderfag	-0,5	0,5	0
Fusa vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeiderfag	0,5	0,5	1
Fusa vidaregåande skule	2	RM	Kokk- og servitørfag	-1	1	0
Fyllingsdalen vidaregåande skole	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	2	3
Fyllingsdalen vidaregåande skole	1	ST	Studiespesialisering	-1	3	2
Nordahl Grieg vidaregåande skole	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	2	3
Nordahl Grieg vidaregåande skole	1	ST	Studiespesialisering	-1	7	6
Nordahl Grieg vidaregåande skole	2	ME	Medier og kommunikasjon	-1	2	1
Osterøy vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	-1	1	0
Osterøy vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	2	3
Osterøy vidaregåande skule	2	TP	Industrieteknologi	-1	2	1
Sandsli vidaregåande skole	1	RM	Restaurant- og matfag	1	4	5
Sandsli vidaregåande skole	1	ST	Studiespesialisering	-1	4	3
Slåtthaug vidaregåande skole	3	PB	Påbygg. gen. studiekompetanse	-1	2	1
Sotra vidaregåande skule	1	EL	Elektro og datateknologi	1	2	3
Sotra vidaregåande skule	1	RM	Restaurant- og matfag	1	1	2
Sotra vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeiderfag	1	1	2
Sotra vidaregåande skule	2	SR	Salg og reiseliv	1	2	3
Sotra vidaregåande skule	2	SR	Service, sikkerhet og admin.	-1	1	0
Stend vidaregåande skule	1	NA	Naturbruk	0,5	1	1,5
Stend vidaregåande skule	1	SR	Salg, service og reiseliv	-1	4	3
Stend vidaregåande skule	2	NA	Heste- og dyrefag	-1	4	3
Årstad vidaregåande skole	1	FD	Frisør, blomst, int, eksp. design	2	4	6
Årstad vidaregåande skole	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	3	4
Årstad vidaregåande skole	2	EL	Datateknologi og elektronikk	-1	2	1
Årstad vidaregåande skole	2	EL	Elenergi og ekom	1	1	2
Årstad vidaregåande skole	2	FD	Frisør	-1	3	2
Årstad vidaregåande skole	2	HS	Hudpleie	1	1	2
Årstad vidaregåande skole	2	KD	Kunst, design og arkitektur	-1	2	1
Åsane vidaregåande skule	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	5	6
Åsane vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeiderfag	1	1	2
Austrheim vidaregåande skule	2	TP	Maritime fag	1	1	2
Knarvik vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	5	6
Knarvik vidaregåande skule	2	ST	Realfag	-0,5	1,5	1
Knarvik vidaregåande skule	2	ST	Språk, samfunnsfag og økonomi	-0,5	1,5	1
Sogndal vidaregåande skule	2	ST	Språk, samfunnsfag og økonomi	-1	2	1
Årdal vidaregåande skule	2	TP	Kjemiprosess- og laboratorief.	0,5	0,5	1
Årdal vidaregåande skule	2	TP	Industrieteknologi	0,5	0,5	1
Flora vidaregåande skule	2	SR	Salg og reiseliv	-1	1	0
Førde vidaregåande skule	2	EL	Datateknologi og elektronikk	-1	1	0

Førde vidaregåande skule	2	EL	Elenergi og ekom	1	1	2
Førde vidaregåande skule	2	RM	Kokk- og servitørfag	-1	1	0
Førde vidaregåande skule	3	NA	Landbruk	-1	1	0
Førde vidaregåande skule	3	NA	Studieførebuande naturbruk	-5 plassar	5 plassar	0 plassar
Førde vidaregåande skule	3	PB	Påbygg til generell studiekompetanse	+ 5 plassar	20 plassar	25 plassar
Høyanger vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	-0,5	0,5	0
Høyanger vidaregåande skule	2	TP	Kjemiprosess- og laboratorief.	-0,5	0,5	0
Høyanger vidaregåande skule	2	TP	Industrieteknologi	-0,5	0,5	0
Høyanger vidaregåande skule	3	PB	Påbygg. gen. studiekompetanse	-0,5	0,5	0
Dale vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	1	2
Eid vidaregåande skule	2	ST	Realfag	-0,5	1	0,5
Eid vidaregåande skule	2	ST	Språk, samfunnsfag og økonomi	-0,5	1	0,5
Måløy vidaregåande skule	1	RM	Restaurant- og matfag	0,5	0,5	1
Måløy vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeiderfag	-1	1	0
Måløy vidaregåande skule	2	IM	Informasjonsteknologi	-1	1	0
Måløy vidaregåande skule	2	RM	Kokk- og servitørfag	-0,5	0,5	0
Måløy vidaregåande skule	1	NA	Naturbruk,marine fag,YSK 4år	+ 2 plassar	4 plassar	6 plassar
Måløy vidaregåande skule	1	TP	Teknologi-/industrifag,YSK 4år	+3 plassar	4 plassar	7 plassar
Stryn vidaregåande skule	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	-1	2	1
Stryn vidaregåande skule	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-1	2	1

2. Direktøren får fullmakt til å omdisponere, la vere å setje i gang tilbod som får svært lågt elevtal og opprette nye klasser innafor vedteken økonomisk ramme og tilbodsstruktur, dersom det viser seg å vere nødvendig for å gje alle søkjarane med ungdomsrett eit skuletilbod. I inntaksområdet Stor-Bergen får direktøren utvida fullmakt til også å gjere endringar på programområde dersom tilbodet finst ved andre skular i rimeleg nærleik.

Samandrag

Direktøren legg i denne saka fram tilråding til justering av det utlyste opplæringstilbodet for skuleåret 2025/26. Grunnlaget for framlegget er resultat av søkinga per 1.03.2025 og «Lokal forskrift om inntak og formidling for Vestland fylkeskommune» (FT-sak 121/2024).

Bjørn Lyngedal
direktør
Opplæring og kompetanse (OPK)

Tor Ivar Sagen Sandvik
seksjonsleiar
Opplæring og kompetanse (OPK)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Justering av opplæringstilbodet 2025 26
- 2 Oversikt klasse- og plasstal 2025 2026
- 3 Søkartal til vg1 pr. inntaksområde 2024 og 2025
- 4 Prognoseinntak 05.mars 2025 sendt til skular,Y-nemd og politisk
- 5 Innspel frå skular
- 6 Innspel frå samarbeidsorgan
- 7 Informasjon med tidsplan til rektorane
- 8 Brev til rektorane tilbagemelding til justeringsarbeidet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka blir det lagt fram tilråding for justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2025/26. Saka byggjer på dei tilboda som var vedtatt lyst ut for skuleåret 2025/26 og justeringar av tilbodet basert på søkjartal pr.3.03.2025.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til årleg å vedta tilbodet om vidaregåande opplæring i fylket innafor den økonomiske ramma som er vedteken av fylkestinget, jf. kap. 26, § 3-1 reglement for delegering etter særlov.

Medverknad

Sak om justering av opplæringstilbodet er ei tilpassing av tilbodsstrukturen etter faktiske søkjartal per 3. mars, og direktøren har då ikkje involvert medverknadsorgana.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Direktøren la i sak 64/2024 «opplæringstilbodet for skuleåret 2025/26» fram ei tilråding på økonomisk ramme. I tilrådinga var det sett av tre økonomiske klasseressursar til bruk ved sommarfullmakt ved inntak til skuleåret 2025/26.

Hovudutvalet vedtok å lyse ut tilbodet 7 økonomiske klasser over den økonomiske ramma. I punkt 1 i vedtaket heiter det:

Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner det er viktig at tilboda som vert lyste ut er mest mogleg i tråd med vedtaket i den heilskaplege planen for tilbodsstruktur. For hovudutvalet handlar dette om å skape tillit til både prosessen og vedtaket i fylkestinget. Utvalet vil likevel presisere at det er søkartala som avgjer kva tilbod som vert sette i gang. Tal grupper som vert sett i gang i justeringssaka skal vere innanfor den økonomiske ramma.

Fylkestinget vedtok i PS-sak 138/2024 «Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028 – arbeidsdokument 4/24» ein reduksjon på tre klasser, tilsvarande 6 mill. kr årleg, knytt til endringar i oppflyttingsretten.

Samla inneber punkta over at klassetalet i justeringssaka må tilpassast ein reduksjon tilsvarande 10 økonomiske klasser samanlikna med det utlyste tilbodet for skuleåret 2025/26.

Direktør for opplæring og kompetanse legg i denne saka fram ei tilråding tilpassa den økonomiske ramma. Innstillinga gir handlingsrom til å opprette tre økonomiske klasser gjennom delegert sommarfullmakt utan å justere ned andre tilbod.

Klima:

Ingen målbar effekt.

Folkehelse:

Ein tilbodsstruktur som mogeleggjør at søkjarane i stor grad får tilbod om vidaregåande opplæring med utgangspunkt i den enkelte sine ønskjer og behov kan bidra til auke gjennomføring i vidaregåande opplæring. Grad av gjennomføring kan ha verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 (Regional planstrategi):

Fylkeskommunen har ei samfunnsutviklarrolle og skal bidra til verdiskaping i regionen. Med føresetnadar som ligg til grunn for dimensjonering av vidaregåande opplæring, planlegg fylkeskommunen ein tilbodsstruktur som i størst mogeleg grad skal leggje til rette for arbeids- og næringslivet skal få tilført tilstrekkeleg og god kompetanse.

Konklusjon

Direktøren legg i denne saka fram tilråding til justering av det utlyste opplæringstilbodet for skuleåret 2025/26. Grunnlaget for framlegget er resultat av søkinga per 3.03.2025 og «Lokal forskrift om inntak og formidling for Vestland fylkeskommune»